



# BYGDABREV



FOR USKEDALEN

Anno: II / utgåve : 1

Utgjevar: USKEDALEN UTVIKLING

Feb. 1997

## GODE SAMBYGDINGAR!

Her kjem vi att med brev til dykk alle i "den vesle bygda med det store hjartet"! For sjølv i kald og våt mørketid, og trass i meiningsbrytingar og andre skilnader, bankar det av liv og gror det på samhaldstufter både her og der i Uskedalen. Vi MÅ tru at det som samlar, er sterkare enn det som held oss frå kvarandre. Å kle seg opp med toleranse og eit venleg sinnelag, kan verta reine motefarsotten utover i nyåret her - og då har bygda vår ei god tid framføre seg.

Mellom breva denne gongen, peikar vi på Uskedal helselag sin presentasjon. Vidare finn de informasjon frå kulturutvalet, og vi kan avdekkja løyndomen kring kven som er synt tillit når det gjeld å gjera noko for 17.mai-arrangementet -97. Er du heldig, finn du namnet ditt på prent i Bygdabrevet - (og gjerne opp til fleire gonger i året!).

Vi har med meldinga om årsmøtet til Uskedalen Utvikling, og folk som står bak torgdagarrangementet i juni, vil ha respons alt no.

Uskedalen Utvikling har bede Sigvald Eik om innlegg når det gjeld skulesoga i bygda, og vi er særskilt takksame for "brevet" frå han. Det er fortida som skapar framtida, og ei fortidslaus slekt, er rotlaus og saknar identitet.

## SÅ TIL NOKRE STUTTE MELDINGAR:

**Oppslagstavla** til bygda vår, ved banken, kan nyttast mykje meire. Vi ber dykk gjera noko med dette! Her er plass til meldingar frå lag og organisasjoner, kan henda ei morosam historie (vitsestafett - med ein smule sensur?) eller til og med teikningar (barnehage og skule - noko for dykk?). Vi ynskjer at det vert ein vane både å nytta tavla og å lesa det som heng der!

**Kjekk ungdom** er i gong att etter julefreden - med rydding, snikring og måling på Gamleskulen. Dei har både draumar og krafter, dei podane! Men nokre vaksne med litt fagkunna er og hjarteleg velkomne - til dømes torsdagar kring 18.00!

**Arkiv** er ein i ferd med å laga på Uskedalen Utvikling sitt kontor. Ein del "papir" om saker utviklingslaget har hatt føre seg, ligg og støvar ned kring i heimane. Underutvala bør også se til at arkivering finn stad!

**Kontordag:** Ring eller stikk innom med saker, meininger eller tilbod om å yta noko for bygda di - "vanlege" torsdagar frå 18.00 - 21.00! Telfonnummeret er: 53 48 60 61. Uskedalen Utvikling er ikkje til berre for einskilde, men for heile bygda. (Dette MÅ de ikkje gløyma!).



Helsing frå styret i Uskedalen Utvikling/Jan Frank Christiansen.

**Vi ønsker å være her**

**for Deg!**

Restaurant, kafé, dans  
og dagens middag  
Kontakt oss for alle  
slags arrangement!



## Krambua Gåveforetning

Messing  
Porselen Dukker  
Steintøy  
Dukar

Låge priser  
Tlf: 53 48 63 46

**Kvinnherad**  
**Målarforretning**  
5463 USKEDALEN

**MÅLING**  
**TAPET**  
**GOLVBELEGG**  
**LEIKER M. M.**

Tlf: 53 48 61 41  
Priv: 53 48 60 04



Postboks 144  
5463 USKEDALEN  
Telf. 53 48 65 98  
Fax. 53 48 65 04

# PRESENTASJON AV USKEDAL HELSELAG.

## Kjære sambygdingar!

Uskedal helselag arbeider for folkehelsa. Vi er tilslutta Nasjonalforeningen for folkehelsa. Vi er 153 medlemer - av dei ca. 25 aktive, som møtast på Kvinnherad Handel i Uskedalen kvar 14. dag. Vi har mange viktige saker føre. Vi støttar hjarte-, kreft- og tuberkulosesaka. Ein gong i året har vi basar. Dei innkomne midlane vert fordelt på lag og organisasjonar i bygda og på landsbasis.

Elles har vi til dømes hatt besøk av Randi Bakke, som fortalte om Kvilebenken som ho driv med. Sveinung Eskeland, som er fysioterapeut, fortalte om sitt arbeid. Han gav gode råd om korleis vi kunne førebyggja fysiske plager. Vi har og hatt besøk av Bjørg Tveitnes Våge, som er naturterapeut. Ho fortalte kva nytte vi har av naturmedisin.

Vi er no komne i gang med fotpleie. Der er god oppslutnad. Men vi ynskjer at fleire vil nyta dette gode tilbodet. Her er fotpleie andre måndagen i månaden kl. 17.00. Ein kan venda seg til Selma Eik og tinga time.

Kwart år sender vi 100 julepakkar til Valen sjukehus. Før jul steller vi til fest for pensjonistar - på Solheim turiststasjon. Til jul sender vi blomehelsing til alders- og sjukeheimane på Husnes og i Rosendal - og blomehelsing til dei i Uskedalen som har fylt 90 år.

Venleg helsing Uskedal helselag

## MEDLEMER I 17.MAI-NEMNDA 1997 (!)

Jostein Legland - Sigmund Fredheim - Einar Ljosnes - Annlaug Rød - Laila Framnes - Arne Rød - Ingunn Rød - Ivar Iversen - Kjell Erik Taranger - Jarl Brosstad - Steinar Naterstad - Anne Lise Koløy - Jan Magnar Sæle - Bård Steinkjer - Leif Viken - Gerd Myklebust - Bente Musland - Jan Berntsen - Åge Myklebust - John Myklebust - Marit Røssland - Sigurd Myklebust - Bjørn Ove Sunde - Svein Onarheim - Asbjørn Eik - Lukas Gausvik - Kurt Haugland - Leif Jarle Bergstø - Per Jarle Hauge - Haldor Tveit - Tore Steinsvik - Tor Inge Døssland - Leif Gravdal - Marit Stensletten - Svein Ove Bråtun - Vivik Rimestad - Kristine Legland - Jan Morten Snilstveit - Tor Vidar Sæle - Kåre Kristoffersen - Kåre M. Rød - Rigmor Rasmussen - Rolf Myklebust - Anne Iren Sæle - Jan Øvstebø - Knut Bringedal.

**USKEDALEN UTVIKLING kallar hermed inn alle interesserte til  
ÅRSMØTE på Uskedalen skule onsdag 5. mars 1997 kl. 20.00.**

**Føreslegen sakliste:**

1. Velkomst/val av ordstyrar.
2. Registrering.
3. Godkjenning av innkalling/sakliste.
4. Foredrag.
5. Årsmelding.
6. Rekneskap.
7. Val.
8. Handlingsplan.
9. Ev. framlegg frå partseigarane.
10. Ymse.

Nærare informasjon om sakene kan ein få ved å venda seg til styret. Saker som partseigarar ynskjer å ta opp på årsmøtet, må vera melde skriftleg til styret minst åtte dagar før årsmøtet.

Uskedalen pr. 7. februar 1997/helsing styret for Uskedalen Utvikling.

### TORGDAG 1997.

Uskedal Utvikling vil også i år laga til Torgdag. Og vi vill med dette innvitera alle Uskedølar som driv med ei eller anna form for hobby, og som kan tenkja seg å vera med på Torgdagen, å mælda si interesse snarast til Næringslivsutvalet i Uskedal Utvikling. Det kan de gjera ved å senda nedanforståande svarslipp til: Næringslivsutvalet v/Kjell Magne Haugland 5463 Uskedalen snarast, eller ta kontakt over telefon, 53 48 60 77.

Torgdagen vert i år den 22 juni.

Eg er interesert i å vera med på  
Torgdag-97, og ynskjer nærmere informasjon:

Navn

Adresse

Aktivitetstype



**NILSEN HANDEL A/S**

5463 Uskedalen

Tlf.: 53 48 61 37

Sjå etter "ukens"  
**JOKER**

Opningstider:

mand. - torsdag	9.00-18.00
fredag	9.00-19.00
lørdag	9.00-15.00



Myro 2 - 6 – Boks 94  
5463 USKEDALEN

Tlf. 53 48 65 77

### **USKEDALEN SOLSENTER**

Dropp inn solsenter  
Utleige av Wolf solarium

Ope:

Man-tors.	10-20
Fred.	10-20
Laur.	11-20
Sønd.	11-22



Kvinnherad Solservice

Tlf. 53 48 61 96

Mobil: 94 10 68 47

### **Røssland Elektroservice**

5463 Uskedalen

Rep.av

**RADIO - TV -  
VASK  
KJØL - FRYSL**

Tlf: 53 48 64 89

Mobil: 945 00 440

Ei. Entreprenør  
**T.J. HERSKEDAL**

5463 Uskedalen  
 Autorisert elektro - og  
 tele-entreprenør

 53 48 66 33  
 94 55 92 27

Alt i elektrisker  
 installasjoner



REDNINGSTJENESTE  
 BILUTLEIE  
 BENGIN-K IOSKVARER

KVINNHERAD  
**TRAFIKK SENTER A.S.**  
Postboks 34 - 5463 USKEDALEN  
 5463 Uskedalen - Tlf. 534 86 322

 **NORDBOHUS**  
*Idealhus as*

Avdeling Kvinnherad, 5463 Uskedalen  
 Tlf.: 53 48 63 01

Din lokale  
 Leverandør

 **A/S Uskedal  
 Trelastlager**  
 5463 Uskedal - Tlf. 53 48 61 01

Gjer som oss - kjøp kvalitet

## KULTURUTVALET I USKEDALEN UTVIKLING.

### Desse er med i utvalet:

Aslaug Lyse, Kjell Yri, Kristian Bringedal, Åse Myklebust Neset  
 og Gunn Mari Moberg (frå styret).

### Ansvar:

Vi skal fremja og ivareta saker som hører til  
 - kultur  
 - friluftsliv (nærrområda)  
 - reiseliv og turisme

### Torgdagen:

Hugsar du L. T. Wang-utstillinga på torgdagen i fjar? Ja, det var kulturutvalet som tok på seg ansvaret for planleggjring og gjennomføring. Utstillinga var særskilt vellukka.

I samband med Kulturminneåret 1997, førebur vi no ny utstilling. Vi vil samarbeida med Kvinnherad Fotoklubb om ei utstilling med temaet "Kulturminne". Det vil vera motiv frå ulike bygder i kommunen. Det vert ein slags vandreutstilling med stopp i Rådhuset og på Biblioteket (Husnes).

### Ny turistbrosyre:

Rosendalsbrosyren omfattar no også områda Mauranger, Varaldsøy og til Uskedalen. Vi har fått baksida og er godt nögde med denne løysinga. Av verksemder på reiselivssida, har vi framheva Solheim Turiststasjon, Rabben Camping og Uskedalen Kro og Vertshus. Elles er det vakre bilete og fin omtale av Ulvanosi, Bygdetunet Rød og Kapteinsgården.

### Andre arbeidsoppgåver:

Kulturutvalet har ansvaret for Vesta sine livbøyar på badestrendene Steinsletto, Stølavikjo og Beinavikjo. Det som manglar, skal ordnast. Det er for tida "litt haltande" med turvegane våre i nærrområdet. Vi vil på nytt snakka med grunneigarane om korleis dette kan gjerast betre. Vi har planar for korleis vi på ein best mogeleg måte kan ta vare på og presentera revolverkanonen på Myklebust kai (Sanden).



(revolverkanonen)

**HISTORIEGLIMT- VED SIGVALD EIK:****DEI TO FYRSTE SKULEHUSA I USKEDAL SKULEKRINS.**

I 1860 kom ei ny skulelov for landet. Den hadde til føremål å ordna skulen i faste krinsar med eige skulehus, og på den måten gjera slutt på omgangsskulen. I kvar kommune var det ein skulekommisjon med presten som formann, som hadde tilsyn med opplæringa. Her i Kvinnherad var det sokneprest Bessesen som var formann den gongen den nye skuleova kom.

Skulekommisjonen nemnde opp ei nemnd som skulle koma med framlegg til oppdeling av skulekrinsar i kommunen. Nemnda som vart oppnemnd, var: Sokneprest Bessesen (form.), lensmann H. Enes, fanejunker J. Tvedt og bonde Arne T. Eik - sistnemnde frå Uskedalen. Den krinsdelinga denne nemnda gjorde framlegg om, vart vedteken stort sett ubrigda, og har vore gjeldande fram til våre dagar, då ei samanslåing av krinsane no av ymse grunnar vart aktuelt.

Det var lite med pengar i 1860-åra, men soknepresten fekk kommunen til å kjøpa bygningane på den nedlagde landbrukskulen i Sandvik i Omvikdalen. Desse bygningane vart flytte til fleire av bygdene, og hestestallen vart flytt til Uskedalen og oppsett som skulehus litt nedfor der Bautasteinen står i dag. Omvikdalen, Løfallstrand og Bringedalsbygda fekk også sine skulehus frå husa på landbrukskulen.

Kommunen kom såleis rimeleg frå denne fyrste skulehusbygginga. I skulesoga for Kvinnherad, er det fortalt at det var stor strid om kor skulehusa skulle leggjast. Her i Uskedalen var det vel også fleire meininger om tomteval. Haugland og Musland skulle vera eigen skulekrins, og truleg også Skorpo, Ljosnes og Rød tykte det var for lang veg til skulen, og ville halda på den gamle ordninga med omgangsskule ei stund til - så dei kom seinare med i krinsen.

Ser vi på plasseringa av skulen no i ettertid, så var det ei klok og rett plassering. Her fekk kommunen fritt setja skulehuset opp på ein av baronsgardane utan å løysa grunn - på gnr. 123 bnr. 1/Søren T. Myklebust sitt leilendingsbruk. Det som for Uskedalkrinsen var det store problemet, var at det ikkje var bru over elva. Det var såleis ikkje nokon trygg skuleveg for dei som budde på syd-vest-sida av elva. Det vart difor teke opp arbeid for å få bygd bru som skulle vera ferdig til skulen skulle takast i bruk.

Her kom det vel med at kaptein Christian Lerke Dahl, som hadde stor tillit i bygda, tok seg av å organisera brubygginga. Kaptein Dahl hadde tidlegare vore ordførar, og var sterkt samfunnsengasjert. Han var barnlaus, men likevel vart han engasjert i å få ein trygg og god skuleveg for borna. Kaptein, som stod seg bra økonomisk, betalte det som måtte kjøpast - og bygdefolket gjorde arbeidet med brubygginga.

# **Auto 88**

AUTORISERT BILVERKSTED

- OPPRETTING - LAKKERING - BILELEKTRO



5463 Uskedalen

Telefon: 53 48 64 33

Privat: 53 48 60 38/53 48 64 69

# **ZJAKK**

**frisør** **salong**

5463 Uskedalen – Tlf. 53 48 65 66



Avd. USKEDALEN  
Tlf: 53 48 61 08

Opningstider:

Mand - Torsdag :	9.00-17.00
Fredag :	9.00-18.00
Laurdag :	9.00-14.00

**K.Hjelmeland**  
**BRUKTBIL**  
5463 USKEDALEN Tlf. 054-84447

Godkjente Bruktbilar  
fra

**10.000 til 100.000**

53 48 64 47  
94 10 46 67

Skulen vart så teken i bruk i 1863. Det var berre eit klasserom, men det var bra stort. Den første læraren i den nye skulen trur eg har vore Kjetil Sundal. Han kjøpte seg i alle høve gard på Kjærland - gnr. 124 bnr. 5 i 1862. Det er mogeleg at han også hadde skulepost i fleire krinsar. Det var ikkje så mange veker som loven kravde - berre minst 9 veker i todelt skule den gongen. Dette første skulehuset var i bruk til i 1902. Då var barnetalet stige så at det måtte større hus til - og med to klasserom.

Det gamle huset vart seld rimeleg til Uskedal Ungdomslag og flytt tvers over vegen og oppsett som ungdomshus. Ungdomslaget hadde også tidlegare nytta huset som møteplass sidan laget vart skipa i 1888.

Men soga om dette første skulehuset var ikkje slutt med dette. I 1933 vart huset rive og selt som grendahus til Haugland og Musland-krinsen. Det vart oppbygd i 1934, og står framleis på Klammeren, i nærleiken av det gamle skulehuset der.

I 1889 kom det også ei ny skulelov. No vart det slutt på skulekommisjonen, og i staden skulle det veljast skulestyre og eit krinsstyre i kvar krins. Når ein kom fram til 1900-talet, hadde barnetalet auka, og den eine skulestova var ikkje nok når det skulle vera meir klassedeling. Det vart difor teke opp arbeid for å få reist nytt skulehus - meir tidhøveleg og med fleire klasserom.

Den 7. april 1900 vart "Skolegaarden", gnr. 123 bnr. 21 skyldmark 0,04 skyldsett. Tomten var utskild frå nr. 1 og nr. 15 på Myklebust. (Seinare er tomten regulert og utvida, i samband med bygging, nye vegar o.l.). Når det nye skulehuset skulle byggast, hadde krinsstyret møte med bygdefolket - og ein vart samde om at ein måtte prøva å få bygd kjellar under huset. Dette fekk dei ikkje kommunen med på. Då vedtok krinsen å grava ut og mura kjellar for eigen rekning - d.v.s. på dugnad. Dette angra dei so visst ikkje på. Kjellaren vart mykje brukt til matservering på festar i ungdomslag, skyttarlag o.l.

Dessutan hadde skulen og bruk for kjellaren når det år om anna vart halde sløydkurs for vaksne der. Desse kursa gjekk på omgang i kommunen. Kommunen heldt lærar, høvelbenker, dreiebenk og verktøy. Seinare veit vi at sløyd var teken inn som fag, og då vart kjellaren nytta til dette faget. Så det var framsynt gjort av bygdefolket å byggja kjellaren den gongen. Skulen stod ferdig i 1902. Skulestova nærmast kyrkjevegen var det læraren med sine klassar som hadde. Den andre hadde lærerinna.

I læraren si stova var det målt eit stykke oppå glasa, så ein ikkje skulle sjå ut, men fylgja med i timen.

Skulehuset var mykje brukt til møter og basarar, før det nye Helgheim vart bygd i 1934, men også ein del etter det. På skulehuslemen hadde Losje Uskedølen og barnelosjen Solfjell fast møterom, men også den kr. ungdomsforeininga hadde møte der.



**AS Eidsvik Skipsbyggeri**

5463 Uskedalen, Norway, Tel. +47 53 48 62 02 Fax. +47 53 48 65 64 Fnr. 911 316 935



**BRØDR. HJØNNEVÅG A/S**  
5463 USKEDALEN  
TLF. 53486422

**Firma , lag og organisasjonar som gjennom tida har kjøpt partar i Uskedalen Utvikling, og støtta arbeidet:**

AFA AS - AUTO 88 A/S - BJØRN OVE SUNDE BYGGM. - BRØDR. MYHRE SVEIS & MEK. VERKSTED - EIK BYGGEVERKSEMD - GOTFRED BAKKE BYGGM. - H.GUDDAL TRANSPORT - IDEALHUS A/S - JACOBINE HAUGLAND EFT. - KORSNESET VEL -KVINNHERAD TRAFIKKSENTER - KVINNHERAD HANDEL A/S - KVINNHERAD SPAREBANK - KVINNHERAD MÅLARFORRETNING - NILSEN HANDEL - PAPIILLON MOTEBUGTIKK - RØSSLAND BILSENTER - SOLHEIM TURISTSTASJON - USKEDAL BÅTLAG - USKEDAL FRILUFTSLAG - USKEDAL HELSELAG -USKEDAL IDRETTSLAG - USKEDAL MUSIKKLAG - USKEDAL RØYRLEGGJARFORRETNING - USKEDAL TRELASTLAGER A/S - USKEDAL UNGDOMSLAG - USKEDALEN SVEIS - ZJAKK FRISØRSALONG.